

Modellering av Antropogenisk Allee Effekt (AAE)



Lucio Skeie-Rubio
Mathematics Department
Universitet i Bergen

13. november 2017

Innhold

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | Introduksjon: | 2 |
| 1.1 | Problemstilling | 2 |
| 1.2 | Bakgrunn | 2 |
| 1.3 | Allee-effekt | 3 |
| 2 | Analyse av Dynamiske System | 6 |
| 2.1 | Ikkje-Dimensionalisering | 6 |
| 2.2 | Analyse av dynamiske system | 7 |
| 2.3 | Numerisk løysning av Ode 45 ved hjelp av Matlab | 12 |
| 3 | Metode: Modellar, Oppbygging og Analyse | 13 |
| 3.1 | Antropogenisk Allee Effekt (AAE) | 13 |
| 3.2 | Antropogenisk Allee Effekt (AAE) med tidsforseinking | 17 |
| 3.3 | Nedre Allee-terskel med grense mot utrydding | 25 |
| 4 | Diskusjon | 30 |
| 5 | Konklusjon | 32 |
| A | Program listing | 34 |

Kapittel 1

Introduksjon:

1.1 Problemstilling

Det klassiske synet på populasjonsdynamikk fastset at ein populasjon blir påverka av biologiske faktorar som fødselsrate, dødsrate og abiotiske faktorar. Det vil alltid vere eit dynamisk system og bestanda vil stort sett vekse eksponentielt til den grensa for kor mykje plass eller næring som er tilgjengeleg, og deretter vil veksten flate ut etter kvart som dødsraten stig som eit resultat av svolt og plassmangel, og/eller fødselsraten søkk på grunn av det same. Så dette vil seie at bestandet vil klare seg betre og overleve med lav tettleik. Men det skjer motsett i røynda. Med stor tettleik minkar vanlegvis fødselsraten og dødsraten momentant, og aukar når ein populasjon er mindre og dette stemmer med den logistiske kurva og Malthus-likninga [4], men samarbeid og ei tett samling av individ gjer bestandet ein større sjanse til å overleve. Men kva vil skje når bestandets tettleik er lav? Me vil tru at bestandet får større sjanse til å overleve sidan det er færre individ per arealeining, men det skjer motsatt. Då innfører me Allee-effekt-omgrepet. I denne oppgåva skal me studere og analysere den menneskeskapte Allee-effekten i forhold til dei klassiske Lokta-Volterra-likningene. Deretter skal me legge til tidsparameter for å undesøkje kva som skjer med byttebestandet etter ein pause uten jakt. Til slutt legg me Allee-terskel med grense mot utrydding til vår Allee-effekt likning.

1.2 Bakgrunn

Analyse av ikkje-linære system har vore eit studieobjekt i matematikken, og har vore i bruk av teoretisk økologi sidan 1900 tallet. Innanfor teoretisk økologi, har forholdet rovdyr/bytte-tilhøve vore hovedtemaet. I utviklinga av den matematikken innanfor økologien har me dei to mest kjende grunnleggjarane : Alfred John Lotka (1880-1949) og Vito Volterra(1860-1946). Dei er kjende for Lokta-Volterra-Likningane som er ein økologisk matematisk modell, som samtidig speglar tilstandane til to ulike bestand. Lokta-Volterra-likninga for rovdyr/bytte-tilhøve, som ofte berre vert kalla Lotka-Volterra-likninga, tek for seg forholdet mellom byttedyr og rovdyr, og korleis det verkar inn på bestanddynamikken [2]. Her tyder x byttedyr-bestand og y rovdyr-bestand, medan a er leite- og åtaks-effektivitetten til predatoren :

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = x(a - \alpha y) \\ \frac{dy}{dt} = y(-c + \gamma x) \end{cases} \quad (1.1)$$

x, y er byttebestandet og rovdyrbestandet[3].

- Når det ikkje finst nokon rovdyr, veks byttebestandet ax som er bestandstilvekst gonger bestandstorleik :

$$\frac{dx}{dt} = xa$$

gjer som loysning eksponensiell vekst:

$$x = Ae^{ax}$$

her er $a > 0$, A er ein konstant, og ingen rovdyr påverker, d.v.s. at $y = 0$

- Når det ikkje finst noko bytte-tilbøve ($x = 0$), vil rovdyr-bestandet dø ut i mangel på mat. Det vil seie :

$$\frac{dy}{dt} = -cy$$

gjer som løysning eksponensiell reduksjon:

$$y = Be^{-cy}$$

her er $c > 0$ (c er dødsraten til rovdyr-bestandet) og B er ein konstant.

- αy viser at byttedyr-bestandet minkar proporsjonelt med rovdyr-bestandet y. γ står for kor gode rovdyra er til å omsetja inntekte føde. Antall trefningar mellom rovdyret og byttedyret er proporsjonal med multiplikasjonen av deira populasjoner. Kvar gong dei møtest, vil bestandet til rovdyret vekse γxy , og bestandet til byttetdyret vil minke $-\alpha y$. Derfor stig vekstraten til rovdyret γxy mens vektsraten til byttetdyret minkar $-\alpha y$ ($\gamma, \alpha > 0$, er konstantar).

Rovdyr/byttedyr-modellen er ein ganske grei modell, og den er særleg avgrensa i sitt bruksområde. Bestanda vil ofte ikkje følgje denne modellen med stor og låg tettleik, og ein av dei enkle grunnane er at rovdyr/bytte-tilhøve berre er ein del av eit større økosystem og både bestanda er påverka av konkurransen, andre rovdyr, sjukdom, fysiske tilhøve og så vidare [4]. Og ein hovedårsak som speler mot bestanda si overleving er Allee-effekt.

1.3 Allee-effekt

Allee-effekt var i bruk for fyrste gong på 50-talet etter Warder Clyde Allee sine forskningar. Warder Clyde Allee (1885-1955) ga namn til effekten i læreboka i økologi utgitt i 1949 (Principles of animal ecology) [1]. Allee viste at gullfisk hadde større momentan relativ vekstrate dersom det var mange fisk i akvariet, samanlikna med eit akvarium med lav tettleik av individ per arealeining. Det er ikkje store aggregerte ansamlinger av individ og store populasjoner som gjer liten vekst, men derimot i små populasjoner med stor avstand mellom individene [1]. Dette betyr at gullfiskbestandet veks fortare i akvarium med fleire individ enn i ein dam med færre individ. Då konkluderte han med at aggregeringa og samhaldet var viktig for at ein art overlever og for at eit samfunn blir utvikla. Allee-Effekt var innført på 50-talet når ein begynte å forske i konkurransen blant, og innanfor artar som ein del av økologien.

Allee-effekt er avgrensing i vekst som oppstår i små populasjoner med låg tettleik av individ per arealeining. M.a.o er den negative bestandsveksten observert ved låge bestandstettleikar. Allereie Charles Darwin observerte at store populasjoner er betre beskytta mot rovdyr og utrydding. Individene konkurrerer om mat og ikkje minst, plass (ressursane); men det er også ein fin assosiasjon og samanheng mellom populasjonsstorleik, overleving, reproduksjon, levedyktigkeit, og risikoen for å bli tatt av rovdyr er mindre i ein flokk. Det er samarbeidsforsvar, til dømes kan fleire augo og øyre varsle om fare, og samarbeid om for-rasjering som gjer enkeltindividet meir tid til å ete [1]. I motsetning til store populasjoner, i område med små populasjoner med store avstandar mellom individ, kan begrense den reproduktive prosessen, og då vil det oppstå innavl med dødeleg effekt som gjer Allee-effekt.

I motsetning til naturleg Allee-effekt, har menneske forårsaka ein kunstig Allee-effekt p.g.a. menneskas grådighet for rare, eksotiske artar, og dermed aukar prisen. Denne effekten blir kalla Antropogenisk Allee Effekt (AAE).

Antropogenisk Allee-effekt (AAE) : Antropogenisk Allee-effekt (AAE) er henta frå *Rarity Value and Species Extinction : The Anthropogenic Allee Effect* [3]. Allee-effekt skapt av menneske: Antropogenisk Allee-effekt (AAE) er ein kunstig effekt kor menneskas grådighet driv artane til utrydding. For å setje AAE opp som ei likning, må me ha to hypotesar: (i) Det er den positive korrelasjonen mellom artens raritet og verdi. (ii) denne korrelasjonen sørger for at det er ein stor etterspørsel og at det lønner seg å jakte eller å avle arten [3]. Byttedyr-bestandet x veks i samsvar med den logistiske likninga med rate r og bereevne k når det er verken avling eller jakt. Byttedyr-bestandet er jakta på ein rate som er proporsjonal til populasjonen x og jakt-innsats E . Jakt-innsats E er antatt å vere proporsjonal til økonomisk rente eller gevinst, som er lik differansen mellom prisen for jakten kostnad .

Me ser at[3]:

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = rx(1 - \frac{x}{k}) - qEx \\ \frac{dE}{dt} = \alpha(-cE + pqEx) \end{cases} \quad (1.2)$$

kor q er fangeferdigheit, α er mål for kor fort jegeren reagerer på endringar i gevinsten, p er prisen som er betalt per stykke som er avla eller jakta, c er kostnaden av eit stykke som er jakta, og k er den økologiske bæreevna.

I *Rarity Value and Species Extinction : The Anthropogenic Allee Effect* [3]-artikkelen finn me at $pqk > c$, og når dette skjer, då har systemet eit globalt stabilt likevektpunkt (d.v.s. asymptotisk stabilt likevektpunkt).

Byttedyr-bestandet blir aldri utdødd dersom kostnaden per jakta individ i tidseining ($\frac{c}{qx}$) blir veldig høg når x går mot null.

Me legg om likninga (1.2) :

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = x(r - \frac{rx}{k} - qE) \\ \frac{dE}{dt} = E\alpha(-c + pqx) \end{cases} \quad (1.3)$$

Her har me fått likninga til vår fyrste modell(AAE). Då ser me at for at (1.3) stemmer med Lotka-Volterra-likninga (3.2) må: $y = E$, $C = \alpha c$, $\gamma = \alpha pq$. I tillegg har me $\frac{-x}{k}$ som tyder på at det er konkurransen for tilværet blant individ av same art x . Denne konkurransen er negativ for bestandets vekst. Ut frå det kan me seie at $-\frac{rx}{k}$ har ein hemmende effekt over x . Prisen stig med sjeldeneita (d.v.s lav x). Dette fører til at det er fleire på jakt, så dyrebestanden søkk. Dette fører dyrebestandet til utrydding. I vår modell i denne oppgåva held me p konstant.

Antropogenisk Allee-effekt (AAE) med tidsforskyving. Kva vil skje om jakta vil bli stoppa for å gje litt tidsrom til byttebestandet til å ta seg opp igjen? Av den grunn legg me til ein ny parameter Δt som representerer tidsforskyving, tidsforseinking, eller ei lita forstyrring for det tidsintervallet. For å nå det målet brukar me Taylors rekkeutvikling kor me legg tidsforskyvingsdelen :

$$x = x(t - \Delta t) \quad (1.4)$$

for x i delen $\frac{dE}{dt}$ av likninga (1.2) :

$$\frac{dE}{dt} = \alpha E[-c + pqx(t - \Delta t)] \quad (1.5)$$

V.h.a. Taylor rekkeutvikling, blir likninga (1.4):

$$x(t - \Delta t) = x(t) + \Delta t \frac{dx}{dt} + o(\Delta t^2) \quad (1.6)$$

Så blir likninga 1.3:

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = rx(1 - \frac{x}{k}) - qEx \\ \frac{dE}{dt} = E\alpha(-c + pqx[1 + \Delta t(r - \frac{rx}{k} - qE)]) \end{cases} \quad (1.7)$$

me antek at den kvadratiske termen er for liten. Her har me fått likninga til vår andre modell(Antropogenisk Allee-effekt (AAE) med tidsforskyving).

Allee-terskel med grense mot utrydding. Her skal me legge inn Allee-terskelen :

$$\frac{x}{A} - 1 \quad (1.8)$$

s.a. likninga 1.7 blir :

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = rx(1 - \frac{x}{k})(\frac{x}{A} - 1)qEx \\ \frac{dE}{dt} = E\alpha(-c + pqx) \end{cases} \quad (1.9)$$

der A er eit kritisk punkt for storleik. Byttedyr-bestandet veks når A er mindre enn x og k er større enn x , dvs $A < x < k$. Byttedyr-bestandet søkk når A er større enn x , dvs $0 < x < A$. I dette siste tilfellet blir byttedyr-bestandet utrydda. Her har me fått likninga til vår tredje modell.

Til saman har me tre modellar i denne masteoppgåva:

1.-Antropogenisk Allee-effekt (AAE) :

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = x(r - \frac{rx}{k} - qE) \\ \frac{dE}{dt} = E\alpha(-c + pqx) \end{cases}$$

2.-Antropogenisk Allee-effekt (AAE) med tidsforskyving:

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = rx(1 - \frac{x}{k}) - qEx \\ \frac{dE}{dt} = E\alpha(-c + pqx[1 + \Delta t(r - \frac{xr}{k} - qE)]) \end{cases}$$

3.-Allee-terskel med grense mot utrydding:

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = rx(1 - \frac{x}{k})(\frac{x}{A} - 1)qEx \\ \frac{dE}{dt} = E\alpha(-c + pqx) \end{cases}$$

Kapittel 2

Analyse av Dynamiske System

2.1 Ikkje-Dimensionalisering

Me kan lære om ei eining for ein fysikalsk storleik ved å forstå forholdet til eininga med andre fysikalske storleikar, og det er viktig å hugsa på at einingene er pålagt naturlovene. I dette tilfellet har me ganske mange variablar i våre likninger, og det kan vere lurt å gjere desse likningene dimensjonallause og å nytta forholdet blant eininger og fysikalske storleikar. For å forstå dette skal me nytte Bechingsham- π teorem .

Buckingham- π teorem

I anvendt matematikk er dette teoremet eit viktig punkt i dimensjonal analyse. Dette teoremet fastset at ei likning med antall n fysikalske variablar kan bli skrive om i ei liknig med $p = n - k$ dimensjonallause parametrar $\pi_1, \pi_2, \dots, \pi_n$ som er bygd frå dei opprinnelige variablane(kor k er antall fysikalske dimensjonar). Antall dimensjonallause termar som me kan få, er lik nulliteten for den dimensjonale matrisa, og k er rank. Matematisk sagt, for at me har ein fysikal meiningsfull likning så

$$f(q_1, q_2, \dots, q_n) = 0; \quad (2.1)$$

kor q_j er dei n -fysikalske variablane, og dei er uttrykte i k -uavhengige fysikalske eininger. Me kan omskrive likninga (2.1) som :

$$F(\pi_1, \pi_2, \dots, \pi_p) = 0; \quad (2.2)$$

kor π_j er dimensjonlause parametrar som er bygd frå q_j er ved $p = n - k$ dimensjonallause likninger. Dei er kalt for π -grupper av forma :

$$\pi_i = \pi_1^{a_1}, \pi_2^{a_2}, \dots, \pi_n^{a_n}, \quad (2.3)$$

kor disse potenstala a_i er rasjonelle tal(\mathbb{Q}) [6].

Me kan ta Lokta-Volterra-likninga(3.2) som døme, for ikkje-dimensjonalisering av likninga :

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = x(a - \alpha y) \\ \frac{dy}{dt} = y(-c + \gamma x) \end{cases} \quad (2.4)$$

Så kan me kome til følgande dimensjonal analyse: a som karakteristisk eining av $x(x = a\bar{X})$, T som karakteristisk eining av $t(t = T\tau)$, Υ som karakteristisk eining av $y(y = \Upsilon\bar{Y})$, og kor \bar{X} , τ og \bar{Y} er dimensjonallause parametrar. Så blir vår likning (2.4) redusert til:

$$\begin{cases} \frac{d\bar{X}}{d\tau} = T\bar{X}(a - \alpha\Upsilon\bar{Y}) \\ \frac{d\bar{E}}{d\tau} = T\bar{Y}(-c + \gamma a\bar{X}) \end{cases} \quad (2.5)$$

Me vel at den karakteristiske tidsskalaen: $T = \frac{1}{c}$, at den karakteristiske Υ -skalaen: $\Upsilon = \frac{c}{\alpha}$, og at a -skalaen: $a = \frac{c}{\gamma}$. For å forenkle vår likning (2.5), er det lurt å få eit dimensjonlaust tal:

$$\psi = \frac{1}{\gamma} \quad (2.6)$$

Så ser vår likning (2.5) ut slik:

$$\begin{cases} \frac{d\bar{X}}{d\tau} = \bar{X}(\psi - \bar{Y}) \\ \frac{d\bar{Y}}{d\tau} = \bar{Y}(-1 + \bar{X}) \end{cases} \quad (2.7)$$

Me ser at likninga (2.7) er dimensjonlaus og redusert til ein parameter.

2.2 Analyse av dynamiske system

Et dynamisk system har ein bestemt tilstand som er avhengig av ei innsamling av reelle tal eller av eit bestemt intervall. Dette betyr at når tal-innsamlinga forandrar seg, så forandrar tilstanden seg. Me ser at dette systemet er deterministisk. I matematikken er **autonome system** eit system av ordinære differensielllikninger som ikkje er eksplisitt avhengig av tid.:

$$\frac{d}{dx}X(t) = F(X(t)), \quad \underline{x}(0) = \underline{x}_0 \quad (2.8)$$

kor X tek verdier i n -dimensjonale euklidiske rom, og t er tida i dette tilfellet. I følge Eksistens og Eintidighet - teorem [2], vil systemet (2.8) ha ei løysning og den løysninga er unik så lenge $F(X(t))$ er ein kontinuerlig funksjon og har kontinuerlege partielle deriverte i eit open interval R i x -aksen, og \underline{x}_0 er eit punkt i R -interval. Dei autonome systema er nær forbunde med dei dynamiske systema. Dei autonome systema kan bli omforma til dynamiske system og omvendt.

Jakobimatrise : Let funksjonen $F : \mathbb{R}^m \rightarrow \mathbb{R}^n$, kor ($m > n$)

$$F(x_1, x_2, \dots, x_n) = \begin{pmatrix} f_1(x_1, x_2, \dots, x_n) \\ f_2(x_1, x_2, \dots, x_n) \\ \vdots \\ f_n(x_1, x_2, \dots, x_n) \end{pmatrix}$$

Så lenge $F(x(t))$ er kontinuerleg og har kontinuerlege partielle deriverte. Jakobimatrisen ser slik ut:

$$J = \frac{d}{dx_j} F(x_1, x_2, \dots, x_n) = \begin{pmatrix} \frac{\partial f_1}{\partial x_1} & \dots & \frac{\partial f_n}{\partial x_i} \\ \vdots & \ddots & \vdots \\ \frac{\partial f_m}{\partial x_m} & \dots & \frac{\partial f_n}{\partial x_n} \end{pmatrix}$$

kor $i = 1, 2, \dots, n$

Det er alltid like mange rader i matrisa som vektorfeltet har komponentar og like mange kolonner som det er frie variablar i vektorfeltet. **Jakobimatrissa** er den deriverte til vektorfeltet $F(x)$ der $\mathbb{R}^m \rightarrow \mathbb{R}^n$, ($m > n$). Sidan vektorfeltet er derivert komponentvis, følger det at føresetnadene for deriverbarheit av skalarfelt er direkte overførbare til vektorfelt. For at eit vektorfelt skal vere deriverbart i eit punkt er det tilstrekkeleg at alle vektorfeltas komponentar, som er funksjonar av fleire variablar, eksisterer i ein åpen ball om punktet og at alle partielle deriverte til samlede av vektorfeltets komponentar er kontinuerlege i punktet.

I ikkje-lineære system er det nesten umogleg å finne eksplisitte eller implisitte løysninger, men likevel er det ei

kvalitativ numerisk tilnærming [7].

Likvekstspunkt og stabiliteten let det fyrste ordens ordinære differensiale likning :

$$\frac{d}{dx} \begin{bmatrix} x_1 \\ x_2 \\ \vdots \\ x_n \end{bmatrix} = \begin{bmatrix} f_1(x_1, x_2, \dots, x_n) \\ f_2(x_1, x_2, \dots, x_n) \\ \vdots \\ f_n(x_1, x_2, \dots, x_n) \end{bmatrix} \quad (2.9)$$

x_j nullcliner er ei gruppe av punkt s.a. $f_j(x_1, x_2, \dots, x_n) = 0$. Det tangentskjæringspunktet av alle nullklinene er kalla for likevekspunkt eller fikspunkt. Dvs :

$$\frac{d}{dx} \begin{bmatrix} x_1 \\ x_2 \\ \vdots \\ x_n \end{bmatrix} = 0. \quad (2.10)$$

Nær ved eit fiksrt punkt $(x_1^*, x_2^*, \dots, x_n^*)$, liknar det ikkje-lineære systemets dynamikk på det lineære systemets dynamikk (kvalitativ) med Jakobimatrise $J(x_1^*, x_2^*, \dots, x_n^*)$ som gjer eigenverdier λ'_j s med ikkje-null reell del. For **Det autonome ikkje-lineære systemet i 2D**, let

$$\begin{cases} x'(t) = F(x, y) \\ y'(t) = G(x, y) \end{cases} \quad (2.11)$$

med det fikserte punktet (x^*, y^*) . Me vil finne det nærmeste lineære systemet når (x, y) er i nærleik av (x^*, y^*) . Då treng me å tilnærme funksjonane $F(x, y)$, $G(x, y)$ om likevekspunktet (x^*, y^*) ved tangenten rundt det fikserte punktet. Frå Calculus, veit me at når (x, y) er i nærleiken av (x^*, y^*) , blir det ikkje-lineære systemet :

$$\begin{cases} \frac{d}{dx}(x(t)) = F(x, y) \approx F(x^*, y^*) + \frac{\partial F}{\partial x}(x^*, y^*)(x^* - y^*) + \frac{\partial F}{\partial y}(x^*, y^*)(x^* - y^*) \\ \frac{d}{dx}(y(t)) = G(x, y) \approx G(x^*, y^*) + \frac{\partial G}{\partial x}(x^*, y^*)(x^* - y^*) + \frac{\partial G}{\partial y}(x^*, y^*)(x^* - y^*) \end{cases} \quad (2.12)$$

Sidan (x^*, y^*) er eit fiksrt punkt, så har me at $F(x^*, y^*) = G(x^*, y^*) = 0$. Så blir likninga 2.13:

$$\begin{cases} \frac{d}{dx}(x(t)) = F(x, y) \approx \frac{\partial F}{\partial x}(x^*, y^*)(x^* - y^*) + \frac{\partial F}{\partial y}(x^*, y^*)(x^* - y^*) \\ \frac{d}{dx}(y(t)) = G(x, y) \approx \frac{\partial G}{\partial x}(x^*, y^*)(x^* - y^*) + \frac{\partial G}{\partial y}(x^*, y^*)(x^* - y^*) \end{cases} \quad (2.13)$$

Og dette er eit lineær system. Så blir Jakobimatrissa i det fikserte punktet (x^*, y^*) :

$$J = \begin{pmatrix} \frac{\partial F}{\partial x}(x^*, y^*) & \frac{\partial F}{\partial y}(x^*, y^*) \\ \frac{\partial G}{\partial x}(x^*, y^*) & \frac{\partial G}{\partial y}(x^*, y^*) \end{pmatrix}$$

Så blir likninga (2.11):

$$\begin{pmatrix} x' \\ y' \end{pmatrix} = \begin{pmatrix} \frac{\partial F}{\partial x}(x^*, y^*) & \frac{\partial F}{\partial y}(x^*, y^*) \\ \frac{\partial G}{\partial x}(x^*, y^*) & \frac{\partial G}{\partial y}(x^*, y^*) \end{pmatrix} \begin{pmatrix} x - x^* \\ y - y^* \end{pmatrix}$$

Eigenverdiar og eigenvektorer Viss me søker ei løysning av likninga (2.11) på forma:

$$y = \underline{v} e^{\lambda t} \quad (2.14)$$

kor \underline{v} er eigenvektor og λ er eigenverdi, fører dette til eigenverdiproblem:

$$\tilde{J} \underline{v} = \lambda \underline{v}, \quad (2.15)$$

og denne gjer den generelle løysninga:

$$x(t) = c_1 e^{\lambda_1 t} \underline{v}_1 + c_2 e^{\lambda_2 t} \underline{v}_2. \quad (2.16)$$

Eigenvektorar og eigenverdiar blir nytta i stabilitetsanalyse av differensiallikningar via Jakobimatrissa med partiellderiverte, i prinsipalkomponentanalyse ved multivariabel statistikk, eller i generelle likevektsstudier. Ut frå om eigenverdiane er reelle eller komplekse tal, og forteikna på eigenverdiane så kan ein seie noko om stabiliteten ved likevektpunkta [6].

Det er forskjellige typar *likevekspunkt*, og eit *ikkje-lineær system* kan ha fleire likevektpunkt. Me klassifiserer likevektpunkt inn i følgande grupper:

- Senter, senteren er veldig sensitiv for ikkje-linearitetar, og me kan ikkje konkludera om stabilitet, så må andre metodar takast i bruk.
- Stabil Node
- Stabil Spiral
- Ustabil Node
- Ustabil Spiral
- Sadelpunkt
- Degenerert stabil node
- Degenerert ustabil node

For å finne ut kva slags likevektpunkt eit system har og sine eigenverdiar, er det tilstrekkeleg å rekne på Jakobi-matrissa J :

$$J = \begin{pmatrix} \frac{\partial F}{\partial x}^* & \frac{\partial F}{\partial y}^* \\ \frac{\partial G}{\partial x}^* & \frac{\partial G}{\partial y}^* \end{pmatrix} = \begin{pmatrix} a & b \\ c & d \end{pmatrix}$$

Så rekner me ut følgande verdiar:

$$\begin{aligned} \tau &= \text{trace}(J) = a + d \\ q &= ad - cb \\ \Delta &= \tau^2 - 4q \end{aligned}$$

kor eigenverdiane me får av :


$$\lambda_{1,2} = \frac{1}{2}(\tau \pm \sqrt{\Delta}) \quad (2.17)$$

Ut frå dette kan me bestemme typen likevektpunkt via følgande tabell:

| | | | | |
|-------------------------|------------|---------|--------------|-----------------------------------|
| Senter | $\tau = 0$ | $q > 0$ | $\Delta < 0$ | $\text{Re}(\lambda_{1,2}) = 0$ |
| Stabil node | $\tau < 0$ | $q > 0$ | $\Delta > 0$ | $(\lambda_{1,2}) < 0$ |
| Stabil spiral | $\tau < 0$ | $q > 0$ | $\Delta < 0$ | $\text{Re}(\lambda_{1,2}) < 0$ |
| Ustabil node | $\tau > 0$ | $q > 0$ | $\Delta > 0$ | $(\lambda_{1,2}) > 0$ |
| Ustabil spiral | $\tau > 0$ | $q > 0$ | $\Delta < 0$ | $\text{Re}(\lambda_{1,2}) > 0$ |
| Sadelpunkt | $\tau > 0$ | $q < 0$ | $\Delta > 0$ | $\lambda_{1,2}$ motsatte forteikn |
| Degenerert stabil node | $\tau < 0$ | $q > 0$ | $\Delta = 0$ | $\lambda_1 = \lambda_2 < 0$ |
| Degenerert ustabil node | $\tau > 0$ | $q > 0$ | $\Delta = 0$ | $\lambda_1 = \lambda_2 > 0$ |

Tabell 2.1: Klassifikasjon av Lineære system [4].

Vi kan sjå ei oversikt over alle mulighetene i følgende bilde:



(a)

Figur 2.1: Stabilitets område. Denne figuren er henta frå [5].

Etter at me har funne eigenverdiane $\lambda_1, \lambda_2, \dots, \lambda_n$, finn me eigenvektorane: Det vil seie:

$$(\tilde{J}(x^*, y^*) - \lambda_i \tilde{I}_n) \underline{v} = \underline{0} \quad (2.18)$$

kor \underline{v} er lik $\begin{pmatrix} x \\ y \end{pmatrix}$.

Me kan ta likninga (2.7) som døme for å få ein bedre oversikt over stabiliteten:

$$\begin{cases} \frac{d\bar{X}}{d\tau} = \bar{X}(\psi - \bar{Y}) \\ \frac{d\bar{E}}{d\tau} = \bar{Y}(-1 + \bar{X}) \end{cases} \quad (2.19)$$

kor

$$\psi = \frac{1}{\gamma} \quad (2.20)$$

γ er fangeferdigheita av rovdyr. Her me får likevektspunkta : $(0, 0), (1, \psi)$.


| Likevekstpunkt | Eigenverdier : λ_1, λ_2 | Eigenvektorar: v_1, v_2 | Stabilitet |
|----------------|---------------------------------------|--|----------------------------|
| $(0, 0)$ | ψ | $\begin{bmatrix} 1 \\ 0 \end{bmatrix}$ | eit ustabilt sadelpunkt |
| | -1 | $\begin{bmatrix} 0 \\ 1 \end{bmatrix}$ | |
| $(1, \psi)$ | $\sqrt{\psi}i$ | $\begin{bmatrix} i \\ i \end{bmatrix}$ | eit senter |
| | $-\sqrt{\psi}i$ | $\begin{bmatrix} -i \\ -i \end{bmatrix}$ | |

Kor $i = \sqrt{-1}$ (komplekst tal).

Grensesyklus og Poincaré-bendixson teorem


Studiet om **Grensesyklus** var innført av *Henri Poincaré* (1854 – 1912). I dynamiske system i eit todimensjonalt faserom er ein lukka syklus eller ein grensesyklus ('limit cycle') med eit lukka trajektorium i ein periodisk bane. *Poincaré – Bendixson*-teoremet kan brukast til å prediktere om det er ein lukka syklus kor naboløysninger ikkje

er lukka [2]. *Poincaré – Bendixson-teoremet* er det viktigaste teoremet i teksten. For å forklare teoremet, skal me opparbeide oss litt motivasjon og intuisjon rundt det, og denne forklaringa er oppbygd og basert på [2]. Det er ofte slik at me ynskjer å finne grensesyklus og/eller likevektspunkt til eit dynamisk system, men dette er vanskeleg direkte frå utrykket for systemet. Ein måte me kan vise eksistens på, er ved følgande prosedyre: Finn først eit lukka område Ω kor alle fasediagramvektorar peikar innover i området, som for eksempel vist i figuren under:



Figur 2.2: området Ω [5]

Me ser at alle faselinjer 'slutta' i området sidan alle faselinjer på tvers av grensa til området peiker innover. Ei vilkårleg faselinje i området har dermed tre moglege utfall: Konvergens mot ein grensesyklus, ein lukka syklus eller konvergens mot eit likevektspunkt. Me kan vidare spesifisere naturen av utfallet ved å prøve å finne ein annulus Γ i Ω bestemt av ein ny sirkelforma figur $\partial\Omega_2$ og $\partial\Omega$. Om alle faselinjer på tvers av grensa Ω_2 peiker inn mot annulusen Γ veit me av det føregående argumentet at alle faselinjer inn i Γ må ende i eit av tre utfall. Men så blir grensene komprimerte $\partial\Omega$ og $\partial\Omega_2$ langs deira tverrliggande faselinjer heilt til faselinjene er parallelle med grensene. Viss me antek ein viss kontinuitet i fasediagrammet vårt, må no $\partial\Omega'$ og $\partial\Omega'_2$ vere samme kurve, kall den Γ' , og me har dermed komprimert Γ til ei lukka kurve, som også er ein grensesyklus. Merk at $\Gamma' \not\subseteq \Omega_2$, og kan dermed ikkje konvergere mot eit likevektspunkt. Dette følger av retninga på faselinjene over $\partial\Omega_2$. Diskusjonen vår ovanfor er nettopp teoremet til Poincare-Bendixson [6]



(a)

Figur 2.3: I annulus ser me at løysninger frå likevektspunktet som ligg i sentrum, kjem til grensesyklusen og der er dei avgrensa, og at løysninger utanfrå er avgrensa av grensesyklusen og at dei ikkje kjem gjennom syklusen. Denne figuren er tatt frå [6]

No har me funne ein slik grensesyklus ('Limit Cycle'), då kan me seie at vårt system er robust og stabilt.

2.3 Numerisk løysning av Ode 45 ved hjelp av Matlab

I denne oppgåva får me ei numerisk løysning av våre difflikninger v.h.a. Matlab. Matlab er eit programmeringsspråk som blei brukt til å opprette ODE45 funksjon - løyse program. Ode45 har innebygd løysningsrutiner for nulpunktbestemmelse. Ode45-funksjonen implementerer Runge-Kutta-metoden. Runge-Kutta-metoden er ein familie av numeriske metoder som gjer tilnærma løysninger på differensiallikninger.

Ode45 funksjon integrerer eit differensialliknings system $y' = f(t, x)$ frå initialtid t_0 til final tid t_f , med initialbetingelsen y_0 slik:

$$[t, y] = \text{ode45}(\text{differensiallikninga}, \text{tidsrom}, \text{initialbettingelse}, \text{options})$$

tidsrommet er denne tidsperioden mellom t_0 og final tid t_f . Her får me som løysning, t vektor på storleik $1xn$ og vector y på storleik $2xn$ i vårt tilfelle. I options har me brukt 'odeset' for å minimalisere feilen og å ikkje miste data :

$$\text{options} = \text{odeset}(\text{'RelTol'}, 1e^{-12}, \text{'AbsTol'}, 1e^{-12})$$

Kapittel 3

Metode: Modellar, Oppbygging og Analyse

3.1 Antropogenisk Allee Effekt (AAE)

Før me begynner med nokre analyser, er det lurt å få likninga (1.7) til å bli dimensjonlaus for å gjere jobben litt lettare:

$$\begin{cases} \frac{dx}{dt} = rx(1 - \frac{x}{k}) - qEx \\ \frac{dE}{dt} = \alpha E(pqx - C) \end{cases} \quad (3.1)$$

kor x står for antal byttedyr, t står for tid (år), E står for jegerens innsats, r står for raten av x , k står for bæreevna, q står for fangeferdigheita, c står for kostnaden, p står for prisen, α står for raten av E .

Så kan me kome til følgande dimensjonal analyse: bereevna k som karakteristisk(intrinsic) eining av x , T som karakteristisk eining av t , ε som karakteristisk av eining E .

Så blir vår likning (3.1) redusert til:

$$\begin{cases} \frac{d\bar{X}}{d\tau} = \bar{X}(1 - \bar{X}) - \frac{(q\varepsilon\bar{X}\bar{E})}{r} \\ \frac{d\bar{E}}{d\tau} = \frac{\alpha}{r}pqk\bar{E}(\bar{X} - \frac{c}{pqk}) \end{cases} \quad (3.2)$$

For å gjere det litt enklare i vår analyse, vel me den karakteristiske tidsskalaren $T = \frac{1}{r}$, og at den karakteristiske innsatsskalaren $\varepsilon = \frac{r}{q}$ kor \bar{X} , τ og \bar{E} er dimensjonallause parametrar. For å forenkle vår likning (3.2), er det lurt å få nokre nye dimensjonlause tal:

$$\chi_1 = \frac{\alpha pqk}{r}, \quad \chi_2 = \frac{c}{pqk} \quad (3.3)$$

Så ser vår likning (3.2) ut slik:

$$\begin{cases} \frac{d\bar{X}}{d\tau} = \bar{X}(1 - \bar{X} - \bar{E}) \\ \frac{d\bar{E}}{d\tau} = \chi_1\bar{E}(\bar{X} - \chi_2) \end{cases} \quad (3.4)$$

I denne modellen understrekar me at me held p , som beskriver prisen betalt per stykke som var jakta eller avla, konstant sidan χ_2 er konstant.

Analyse av likevekspunkt

Med tilhøyrande Jakobimatrissa :

$$J = \begin{pmatrix} 1 - 2\bar{X} - \bar{E} & -\bar{X} \\ \chi_1\bar{E} & \chi_1(\bar{X} - \chi_2) \end{pmatrix}$$

så får me likevektspunkta : $(0,0)$, $(1,0)$, $(\chi_2, (1 - \chi_2))$.

| Likevekstpunkt | Eigenverdier : λ_1, λ_2 | Eigenvektorar: v_1, v_2 | Stabilitet |
|----------------|---------------------------------------|--|---|
| $(0, 0)$ | 1 | $\begin{bmatrix} 1 \\ 0 \end{bmatrix}$ | eit ustabilt sadelpunkt |
| | $-\chi_1\chi_2$ | $\begin{bmatrix} 0 \\ 1 \end{bmatrix}$ | |
| $(1, 0)$ | -1 | $\begin{bmatrix} 1 \\ 0 \end{bmatrix}$ | eit ustabilt sadelpunkt for $\chi_2 < 1$ |
| | $\chi_1(1 - \chi_2)$ | $\begin{bmatrix} -1 \\ 1 + \chi_1(1 - \chi_2) \end{bmatrix}$ | |

Me vil nemne at når $\chi_2 > 1$, så blir likevekspunktet $(1, 0)$ stabilt, og at når $\chi_2 = 1$, så samsvarer det siste likevekspunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$ til likevekspunktet $(1, 0)$. Me må vere oppmerksam på at me bør ha $\chi_2 < 1$ s.a. våre løysninger og det neste likevekspunktet ligg i fyrste kvadrant. Då kan me bekrefta det som står i *Rarity Value and Species Extinction : The Anthropogenic Allee Effect* -artikkelen [3] om at $pqk > c$ sidan $\chi_2 = \frac{c}{pqk}$

- for likevektspunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$: For å finne dei siste to eigenverdiane, bruker me andregradslikning s.a. me får :

$$\lambda_{5,6} = \frac{-\chi_2 \pm \sqrt{\chi_2^2 - 4\chi_2(\chi_1 - \chi_1\chi_2)}}{2} \quad (3.5)$$

Her er det tre moglege utslag som me kan få: Ustabilt sadle, stabilt node, stabilt spiral punkt.

- Ustabilt sadle punkt dersom:

$$\chi_2^2 < \chi_2^2 - 4\chi_2(\chi_1 - \chi_1\chi_2) \quad (3.6)$$

som gjer oss $\chi_2 > 1$. I dette tilfellet er likevekspunktet $(1, 0)$ stabilt. I dette tilfellet fell vårt kritiske punkt utanfor i 4. kvadrant så me kan sjå bort frå dette.

- Stabilt node punkt får me når

$$4\chi_1(1 - \chi_2) < \chi_2 \quad (3.7)$$

som gjer oss $\chi_2 < 1$ (sidan $\chi_2 > 0$) og at

$$\chi_1 < \frac{\chi_2}{4(1 - \chi_2)} \quad (3.8)$$

- Ustabilt node punkt eller ustabilt spiral punkt, får me når

$$\chi_2 < 0 \quad (3.9)$$

og dette er umogeleg siden χ_2 er alltid eit positivt tal.

- Stabilt spiral punkt får me når :


$$\chi_2^2 - 4\chi_2(\chi_1 - \chi_1\chi_2) < 0 \quad (3.10)$$

som gjer oss $\chi_2 < 1$.

$$\frac{\chi_2}{4(1 - \chi_2)} < \chi_1 \quad (3.11)$$


Då får me eit kompleks tal som løysning. Det ser ut slik $\gamma \pm i\Theta$. Om $\gamma < 0$ så får me eit asymptotisk stabilt spiral punkt sidan me har ein negativ real part (tabel 9.31 [4]).

Me kan gje nokre verdiar for χ_1 og χ_2 slik at me får nokre plot .



Figur 3.1: Plotting av fasediagram. Figur (a) $\chi_1 = 0.9, \chi_2 = 0.7$ og me får eit stabilt spiral punkt. Figur (a) $\chi_1 = 0.9, \chi_2 = 0.9$ og me får stabilt node.


Fra figuren (3.1 a) har me fått eit stabilt spiral punkt når $\chi_2 = 0.7$ i likevektpunktet $(0.7, 0.3)$. Her ser me at stigningstala for \bar{X} og \bar{E} -løysninger blir aldri positive igjen i dette likevektpunktet. Dette betyr at byttedyr-bestandet og jakta ikkje vil vekse opp igjen samtidig. Rovdyr-bestandet blir kraftig redusert av ei stor jakt, sannsynlegvis ukontrollert jakt. På sikt vil det bli lite jakt p.g.a. at byttedyr-bestandet er liten. Fra figuren (3.1 b) har me fått eit stabilt node punkt når $\chi_2 = 0.9$ her i det likevektpunktet $(0.9, 0.1)$. Her får me nesten same forklaring som i forrige bortsett frå at me har i dette tilfellet eit stabilt node punkt. Forklaringa går ut på at ei stor jakt fører til ein kraftig byttedyr-bestand reduksjon, og i dette tilfellet har byttedyr-bestandet nærma seg null. For punktet $(1, 0)$ med grønn farge, har me eit ustabilt sadle punkt som inneberer at både jakta og byttedyr-bestandet oscillerer. Det betyr at ei stor jakt fører til at byttedyr-bestandet, og sjølv jakta blir redusert til null, men etter ei lita stund vil jakta ta seg opp igjen til likevektpunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$ når byttedyr-bestanden framleis er liten. Vi ser her at $c < pqk$. Det innebærer at når prisene, fangeferdigheita og bæreevna, til saman, er høge i forhold til kostnaden, kan me ha ikkje-berekraftig drift som fører til at arten blir utrydda i ein viss grad.



Figur 3.2: Plotting av fasediagram. Figur (a) $\chi_1 = 0.9, \chi_2 = 0.1$. Figur (b) $\chi_1 = 0.9, \chi_2 = 0.1$. Me får eit node punkt i begge tilfella

Det er eit spesielt tilfelle når χ_2 er 1 (Fig 3.2). Her får me eigenverdiane $\lambda_1 = -1$ og $\lambda_2 = 0$ til likevektpunktet $(1, 0)$ og eigenverdiane $\lambda_1 = -1$ og $\lambda_2 = 0$ til likevektpunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$. Me ser at disse to likevektpunkta $(1, 0), (1, 0)$


fell saman. Igjen ser me at stigningstala for \bar{X} og \bar{E} -løyninger blir aldri positive igjen i desse likevektspunktta. Ei stor jakt fører til ein kraftig reduksjon av byttedyr-bestandet. Me ser her òg at jakta stoppar til null sjølv om byttedyr-bestandet ikkje er null, men allikevel vil byttedyr-bestandet ikkje ta seg opp igjen. Det som me kan sjå her òg at $c = pqk$. sidan $\chi_2 = \frac{c}{pqk}$. Her ser me at det ikkje er lønsamt å jakta.



Figur 3.3: Plotting av X mot E . Figur (a) $\chi_1 = 0.9, \chi_2 = 1.2$. I figur (b) har me løysninga med initialbetingelse $[1.2, 1]$.


frå figuren (3.3), i punktet $(1, 0)$, kan me tolke at det ikkje er nokon som jaktar sidan byttedyr-bestandet er blitt så redusert, på vei til utrydding. Rett og slett kan arten blir utrydda i det punktet. I dette tilfellet har me plotta (i figur 3.3) når χ_2 er større enn 1 (me bruker χ_2 lik 1.2 i figur 3.3). Me ser at dei likevektspunktta $(1.2, -0.2)$ og $(1, 0)$ detter frå kvarandre (Me såg i forrige figur 3.2 at disse punkta fall saman). Me ser at likevekstpunktet $(1.2, -0.2)$ ikkje ligg i fyrste kvadrant, og at likevekstpunktet $(1, 0)$ er eit stabilt node punkt og at $(1.2, -0.2)$ er eit ustabilt sadle punkt (3.3).

Frå figuren (3.1) til figuren (3.3) kan me sjå at det har skjedd ei stor forandring i desse likevektspunktta. Denne forandringa blir kalla for Transcritical Bifurcation. I det likevektspunktet $(1, 0)$ ser me eit stabilt node punkt når χ_2 større enn 1. I det likevektspunktet $(1, 0)$ ser me eit ustabilt sadle punkt når χ_2 mindre enn 1. Det skjer nokon forandringar også med det likevektspunktet $(\chi_2, 1 - \chi_2)$. Dette punktet er eit stabilt node/spiral punkt når χ_2 mindre enn 1. Dette punktet er eit ustabilt sadle punkt når χ_2 større enn 1. Når χ_2 blir lik 1, skjer det ein kollisjon mellom disse punkta og deira stabilitet blir forandra. Punktet $(1, 0)$ går over til å vere stabilt. Likevekstpunktet $(\chi_2, 1 - \chi_2)$ går også over til å vere ustabilt. Stabiliteten til punktet $(0, 0)$ vil forsetje å vere ustabilt sjølv om χ_2 blir større eller mindre. Alt som me har sett, vil fortelje oss om eksistensen til ein transcritical bifurcation som inntreffer i $\chi_{2c} = 1$.



Figur 3.4: Plotting av X mot χ_2 for punkt (X, Y) . Raud linje står for punktet $(1, 0)$ og blå linje står for punktet $(\chi_2, 1 - \chi_2)$. Stipla linje for ustabilitet og heiltrucken linje for stabilitet

kan det skje eigentleg når $\chi_2 = 0$?



Figur 3.5: Figure (a) Plotting av X mot E , figure(b) Plotting av X, E mot t .

Her ser me at likevektpunktet $(0, 0)$ er ustabilt, og at likevektpunktet $(1, 0)$ er eit saddle punkt, og at i det siste likevektpunktet er det ingen aktivitet. Her har me at $c << pqk$. Så kan me seie at når kostnaden er liten i forhold til lønnsemdet, så arten ikkje vil overleve. Når $\chi_2 = 0$, så får me eit degenerert tilfelle.

3.2 Antropogenisk Allee Effekt (AAE) med tidsforseinking

Kva vil skje om jakta vil stoppa for å gje litt tidsrom til byttebestandet til å ta seg opp igjen eller me er på jakt etter ei berekraftig drift? Av den grunn legg me ein ny parameter Δt som representerer tidsforskyving, tidsforseinking, eller ei lita forstyrring for det tidsintervallet. For å nå det målet, først nyttar me ikkje-dimensjonallisering metoden for

Antropogenisk Allee Effekt (AAE) med tidsforskyvinga og då brukar me Taylors rekkeutvikling for \bar{X} . Då definerer me \bar{X} slik:

$$\bar{X}(t) = \bar{X}(t - \Delta t) \quad (3.12)$$

s.a.

$$\bar{X}(t - \Delta t) = \bar{X}(t) + \Delta t \frac{d\bar{X}}{dt} + O(\Delta t^2) \quad (3.13)$$

Her ser me bort frå den kvadratiske termen sidan den er antatt å vere liten. Så likning 3.4 blir:

$$\begin{cases} \frac{d\bar{X}}{d\tau} = \bar{X}(1 - \bar{X} - \bar{E}) \\ \frac{d\bar{E}}{d\tau} = \chi_1 \bar{E}(\bar{X} - \chi_2 - \Delta t \bar{X}(1 - \bar{X} - \bar{E})) \end{cases} \quad (3.14)$$

kor :

$$\chi_1 = \frac{\alpha p q k}{r} \quad (3.15)$$

$$\chi_2 = \frac{c}{p q k} \quad (3.16)$$

og kor x er antal byttedyr, t er tid(år), E er jegerens innsats, r er raten av x , k er bæreevna, q er fangeferdigheita, c er kostnaden, p er prisen, α raten av E .

Ut frå det kan me evaluere stabiliteten. Så ser jakobimatrissa ut slik:

$$J = \begin{pmatrix} 1 - 2\bar{X} - \bar{E} & -\bar{X} \\ \chi_1 \bar{E}(1 - \Delta t(1 - 2\bar{X} - \bar{E})) & \chi_1[\bar{X}(1 + \Delta t(\bar{X} + 2E - 1)) - \chi_2] \end{pmatrix}$$

Analyse av likevekspunkt

her me får dei same likevektspunkta som før: $(0,0)$, $(1,0)$, $(\chi_2, (1 - \chi_2))$.

| Likevekspunkt | Eigenverdier : λ_1, λ_2 | Eigenvektorar: v_1, v_2 | Stabilitet |
|---------------|---------------------------------------|---|--|
| $(0, 0)$ | 1 | $\begin{bmatrix} 1 \\ 0 \end{bmatrix}$ | eit ustabilt sadle punkt |
| | $-\chi_1 \chi_2$ | $\begin{bmatrix} 0 \\ 1 \end{bmatrix}$ | |
| $(1, 0)$ | -1 | $\begin{bmatrix} 1 \\ 0 \end{bmatrix}$ | eit ustabilt sadle punkt for $0 < \chi_2 < 1$ |
| | $\chi_1(1 - \chi_2)$ | $\begin{bmatrix} 1 \\ 1 + \chi_1(1 - \chi_2) \end{bmatrix}$ | |

$0 < \chi_2 < 1$ bør me ha for at løysninga ligg i 1.kvadrant. Her får me same verdi som før.

- For å finne dei siste to eigenverdiane i likevekspunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$, bruker me andregradslikning for :

$$\lambda^2 - B\lambda + C \quad (3.17)$$

Kor B er

$$B = -\chi_2 + \chi_1 \chi_2 \epsilon (1 - \chi_2) \quad (3.18)$$

og C er

$$C = \chi_2 [\Delta t [4\chi_1 \chi_2 (\frac{\chi_2}{4} - 1) + 2\chi_1^2 + \chi_2^2] + \chi_1 (1 - \chi_2)] \quad (3.19)$$

$$\lambda_{1,2} = \frac{B \pm \sqrt{B^2 - 4C}}{2} \quad (3.20)$$

Me kan gjere nokre observasjonar her :

- når $B > 0$, får me eit ustabilt spiral punkt eller eit ustabilt node punkt.
- når $B < 0$ får me enten eit stabilt node punkt eller eit stabilt spiral punkt.
- når $B = 0$ får me eit stabilt senter.

Når $B > 0$, då har me enten eit ustabilt spiral punkt eller eit ustabilt node punkt. Og når me ser etter systemets sjølvforsyning eller etter robustheit av systemet, dvs at *Poincaré – Bendixson* er tilfredstilt, så er me interessert i å ha ein grensesyklus i nærleiken av punktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$ kor naboløysningane ikkje er lukka. Så bør me ha $B > 0$. Då må me finne Δt s.a. me får enten eigenverdiar med negative real part for ustabilt spiral punkt eller eigenverdiar som er negative for eit stabilt node punkt i likevektspunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$. M.a.o. er me interessert i at likevektspunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$ er ustabilt. På den måten får me likevektspunktet $(\chi_2, (1 - \chi_2))$ til å støyte bort frå sentrum mot grensa til syklusen. I tillegg må me vere sikre på at alle løysningane som kjem utanfrå syklusen, må peike mot syklusen og at dei må vere avgrensa av syklusen. For å sjekka at *Poincaré – Bendixson* er tilfredstilt, har me kartlagt i *Poincaré – Bendixson* Kart-plot. Frå utrekninga av eigenverdier for punktet $(\chi_2, 1 - \chi_2)$ av (3.20), må me ha at :

$$B > 0 \quad (3.21)$$

for at det støyta bort frå det punktet (ustabilt). Dette inneberer at :

$$-\chi_2 + \chi_1 \chi_2 \Delta t (1 - \chi_2) > 0 \quad (3.22)$$

Så får me at:


$$\Delta t > \frac{1}{\chi_1 (1 - \chi_2)} \quad (3.23)$$

for at *Poincaré – Bendixson* teorem er tilfredstilt [5].

Til og med no, for at systemet skal vere liggande i fyrste kvadrant bør me ha :


$$0 < \chi_2 < 1 \quad (3.24)$$

Frå no av kallar me den høgare delen av likninga (3.23) for ζ . Me begynner med å analysere forskjellige verdiar av χ_2 , av χ_1 og av Δt i forhold til føresetnaden vår. Fyrst begynner me med når føresetnaden (3.2) blir tilfredstilt s.a. me får ein grensesyklus som er stabil, der denne impliserer at løysningane er oscillatoriske (sjølvunderhaldande oscillasjonar). Dei lukka kurvene er perfekte periodiske system kor nokon små forstyrningar frå disse kurvene, medfører at systemet blir stabilt igjen(systemet held seg til den grensesyklusen.).




Figur 3.6: Her er *Poincaré – bendixson* teorem tilfredstilt når Δt er lik 1.1 gonger større enn ζ . I figuren (a) har me at $\chi_1 = 0.4$ og $\chi_2 = 0.4$ og I figuren (b) har me at $\chi_1 = 4$ og $\chi_2 = 0.4$.


Her ser me at først blir jakta stadig større, og denne medfører ein kraftig reduksjon av byttedyr-bestandet, og på den andre sida ser me at jakta fell kraftig ei stund og dette medfører at byttedyr-bestandet tek seg opp igjen utan at det har stoppa å jakta (jakta er ikkje så stor). Til slutt kjem løysningane av \bar{X} og til \bar{E} mot grensesyklusen kor me kan ha ei berekraftig jakt utan at byttedyr-bestandet blir utrydda. Frå figurane ser me at syklusen blir stadig større når χ_1 blir større. For å sjå at *Poincaré – Bendixson* teorem er tilfredstilt, m.a.o at grensesyklusen er danna s.a. alle løysningane kjem utanfrå sentrum og dei blir avgrensa av syklusen og same prinsipp for løysningar som kjem innanfrå sentrum, har me dratt to linjer både frå x-aksen ($X = \chi_2$) og Y-aksen ($Y = 1 - \chi_2$). Tanken bak dette er at kvar gong ei løysning går forbi X -linja eller Y -linja, blir det registrert på øvre og nedre punkt. Me ser til slutt at løysningane blir avgrensa av syklusen, og det er danna ein fast avstand mellom eit fast øvre punkt og eit fast nedre punkt som tilnærmar seg til diameteren til den grensa syklusen. Då kan me bekrefa at det er blitt danna ein syklus. Her er det nokre døme:



Figur 3.7: Her er *Poincaré – Bendixson* teorem tilfredstilt når Δt er 1.1 gonger større enn ζ . I begge plota kan me sjå at det er danna ein fast avstand mellom øvre og nedre punkt i begge linjene. Den faste avstanden er danna av løysningane av \bar{X} og til \bar{E} som går forbi mellom øvre og nedre punkt av linjene. Her har me plotta med forskjellige verdiar av χ_1



Figur 3.8: Her er *Poincaré – Bendixson* teorem tilfredstilt når Δt er 1.1 gonger større enn ζ . Her har me grensesyklusen. I figuren (a) ser me at $\chi_1 = 0.4$ og $\chi_1 = 0.7$ og I figuren (b) ser me at $\chi_1 = 4$ og $\chi_1 = 0.7$. Her ser me at syklusen blir redusert når χ_1 blir større



(a) *Poincaré – Bendixson-kart for linje $X = \chi_2$*

(b) *Poincaré – Bendixson-kart for linje $Y = 1 - \chi_2$*

Figur 3.9: Her er *Poincaré – Bendixson* teorem tilfredstilt når Δt er 1.1 gonger større enn ζ .

Her er grensesyklusen eit viktig punkt. Når føresetnaden ζ er tilfredstilt, vil det forsikre eit godt samliv mellom desse artane (jegerar og dyr). Det betyr at byttedyr-bestandet ikkje er i risiko til å bli utrydda, og me kan ha ei berekraftig jakt. Når det ikkje finst ein grensesyklus, vil ei stor jakt true byttedyr-bestandet til utrydding, og dette medfører at byttedyr-bestandet ikkje vil ta seg opp igjen. Dette skjer ofte når me driv ei ikkje-berekraftig drift og samtidig som det ikkje finst ein grensesyklus, og i tillegg inntreffer det forandringar i miljø eller habitat til byttedyr-bestandet, eller nokre andre forstyrringar.


Me har også to andre tilfelle når $B < 0$ og når $B = 0$. Når $B < 0$, då kan me ha at begge eigenverdiane har negativ reell del. Då får me eit tiltrekkande kritisk punkt (stabilt) som kan vere node eller spiral, og dette inneberer at :

$$-\chi_2 + \chi_1\chi_2\Delta t(1 - \chi_2) < 0 \quad (3.25)$$

Me ser at:


$$\Delta t < \frac{1}{\chi_1(1 - \chi_2)} \quad (3.26)$$

Av føresetnaden (3.26) får me eit stabilt spiral punkt eller eit stabilt node punkt. Her teiknar me nokre døme med føresetnaden 3.26 :




